

Prop. 151 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i ”Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap”

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 28. september 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av primærgodtgjering for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2012. Reguleringa vart godkjent ved kongeleg resolusjon 22. juni 2012, rett etter at årets lønnsoppgjer var avslutta.

2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på resultatet av lønsoppgjeret mellom staten og LO Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i lønsoppgjeret for statstilsette blir primærgodtgjering til vernepliktige mannskap tilrådd auka med 4,6 prosent frå 1. juli 2012.

Meirutgiftene for 2012 er utrekna til 22 163 000 kroner.

3 Bakgrunn

I mange år er økonomiske ytingar til soldatar regulert med grunnlag i lønsoppgjeret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har, i tråd med synet til Stortinget, dei seinare åra lagt til grunn reguleringa i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Lønsoppgjeret for tilsette i staten i lønsramme 02, lønstrinn 19 gav eit kronetillegg på A-tabellen som utgjer ei regulering på 4,6 prosent.

4 Vurderingar

Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det òg i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at utskrivne vernepliktige bør få ei regulering på avrunda 4,6 prosent med verknad frå 1. juli 2012.

Sivil verneplikt vart avvikla 1. juni 2012. Regulering av godtgjering vil difor berre omfatta vernepliktig personell i Forsvaret.

5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2012:

Tenestetillegg frå kr 154,-	til kr 161,- per dag
Tillegg for visekorporal/tilsvarande frå kr 19,50	til kr 20,40 per dag
Kompensasjonstillegg frå kr 430,-	til kr 450,- per dag
Ektefelletillegg frå kr 4 140,-	til kr 4 329,- per måned ¹
Barnetillegg, første barn, frå kr 4 707,-	til kr 4 923,- per måned ¹
Barnetillegg for barn, utanom det første, frå kr 1 938,-	til kr 2 028,- per måned ¹
Dimisjonsgodtgjering 12 månaders teneste frå kr 29 638,-	til kr 31 025,- ¹
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 57,50	til kr 60,- per dag
Operativt tillegg (§13-opppdrag) frå kr 1 185,50	til kr 1 240,- per dag
Tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke frå kr 830,-	til kr 868,- per dag

1 Summen er avrunda av omsyn til dagsatsar på heil tiøre.

6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 22 163 000 kroner for 2012 etter følgjande fordeling:

Auke i tenestetillegg og tillegg for visekorporal/tilsvarande	kr 11 359 920,-
Auke i kompensasjonstillegg	kr 799 588,-
Auke i forsørgjartillegg	kr 410 635,-
Auke i dimisjonsgodtgjering	kr 8 676 811,-
Auke i utdanningsbonus, dagsats	kr 257 895,-
Auke i tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke og operativt tillegg (§13-opppdrag)	kr 658 597,-

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap".

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap" i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap"

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 224 168 000 til kr 224 197 000	29 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 689 942 000 til kr 2 690 796 000	854 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstabem	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 822 022 000 til kr 1 822 802 000	780 000
1731		Hærem	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 5 739 612 000 til kr 5 751 460 000	11 848 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 3 445 508 000 til kr 3 448 717 000	3 209 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 4 243 715 000 til kr 4 246 309 000	2 594 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 094 552 000 til kr 1 096 592 000	2 040 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 400 378 000 til kr 2 400 479 000	101 000
1790		Kystvakten	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 997 409 000 til kr 998 107 000	698 000
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 260 071 000 til kr 260 081 000	10 000
